



REFERAT FRA MØTE I FAU 25.11.2025

Til stades: Inghild Dyrnes Karlsen, Iselin Dyrdal, Balbina Andrea Diaz Holm, Marie Helene Jordal, Sara Aspen og Arne Olsen.

Kvalitetsdialogmøte 2026

- For å bidra til kvalitetsutvikling i opplæringa ønskjer skulen tilbakemelding frå føresette om korleis heim og skule kan samarbeide betre. Skulen har allereie ei stort fokus på lesing, og FAU og skulen er einig om at dette er eit område foreldre kan bistå med synspunkt, erfaring og informasjon på for å bidra til elevane si utvikling.
- FAU deltek på digitalt møte i regi av kommunen 9. desember som ei førebuing til Kvalitetsdialogmøte 2026.
- I etterkant av dette kjem FAU til å samle inn innspel frå føresette som ein kan jobbe vidare med. Sjølve Kvalitetsdialogmøtet med kommunen finn stad seinare i vinter.

Utlån av skulelokale

- Skulen ønskjer å tilby utlån av lokale, og set stor pris på at dette kan kome til nytte for fleire utanfor skuletid. For at ordninga skal fungere godt for alle, vil skulen komme med eit infoskriv som oppsummerar rutiner for utlån.

Landmarkhuset og skulehagen

- Positiv aktivitet rundt Landmarkhuset og politisk medvit om saka. Rektor var i møte med politiskar førre veke; mål om å få Landmarkhuset inn att på budsjettet.
- Aksjonsgruppa har vore i møte 25/11 og fått taletid hjå politiskarane. Der vart det lagt vekt på behov for universell utforming og dei større midlane som fram til no er brukt på skulen. FAU takkar aksjonsgruppa for framifrå innsats! <3
- Skulen har ein plan for å bygge opp hagen på nytt og ventar på fjerning av gjerde som står der i dag.

Sommaravslutning for 7. trinn

- Skulen og FAU ønskjer å behalde fast tidspunkt: nest siste skuledag kl. 17:00.

Innkjøp og sponing

- FAU ønskjer å kjøpe inn høgtalar med mikrofon til skulen, samt sponse skulen i samband med ein skidag i løpet av vinteren.

Juletefest

- FAU takkar alle foreldre som har meldt seg til oppgåver i forbindelse med årets juletefest som finn stad i Salhushallen torsdag 4. desember kl. 18:00. Vi gler oss!

Sara Aspen, referent